# GLOPPEN KOMMUNE

Finansdepartmentet

Att:

| **Dykkar ref** | **Vår ref (oppgje ved svar)** | **Dato** |
|---|---|---|
| | 15/2499 | 26.02.2015 |

## Nei til statleggjering av skatteoppkrejvaren - uttale frå Gloppen kommune

Eg viser til høyringsbrevet frå Finansdepartementet om saka.

Formannskapet i Gloppen gjorde i dag slikt samrøystes vedtak:

> Gloppen kommune v/formannskapet avviser departementet sitt framlegg om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjinga. Tidspunktet for ei slik endring er heilt feil, og dersom det no skal gjerast endringar i oppgåvefordelinga, må dette skje som ein del av kommunereforma.
>
> Gloppen kommune meiner det ikkje er gode nok grunnar for å sentralisere skatteoppkrevjinga. Det lokale tilhøyret gjev svært god innkrevjing. Ei sentralisert og statleggjort skatteoppkrevjing er nok eit eksempel på ein uheldig distriktspolitikk. Nærleik og lokalkunnskap er viktig i alle møte mellom det offentlege og innbyggarane.
>
> Framlegget omtalar i liten grad dei uheldige verknadene statleggjeringa og sentraliseringa vil få for den enkelte kommune og for innbyggarane som med framlegget vil miste nok eit offentleg tilbod i sitt nærområde.

Med helsing

Jan Kåre Fure
rådmann
tlf. 476 21 981

*Dette er eit elektronisk brev som blir sendt utan signatur.*


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Organisasjonsnr.: | E post: |
|---|---|---|---|---|
| 6823 Sandane | 57 88 38 00 | 57 88 38 01 | 964 969 124 | post@gloppen.kommune.no |